

VEDTEKTER FOR
AUSTEVOLL VATN OG AVLØP SA
ORG.NR. 985 667 160

Som vedtatt ved årsmøtet den [16.06.2026]

§ 1 NAMN, FORRETNINGSKONTOR OG FØRETAKSFORM

Samvirkelagets navn er Austevoll Vatn og Avløp SA (heretter «AVA»).

AVA sitt forretningskontor er i Austevoll kommune.

Lov av 29. Juni 2007, nr. 81 om samvirkeforetak (samvirke-lova) gjeld for AVA og utfyller vedtektene. Ved eventuell motstrid mellom vedtektene og fråvikelege føresegn i samvirke-lova, skal føresegna i vedtektene halda fram .

§ 2 FØREMÅL

AVA er eit ålmennyttig samvirkelag med skiftande medlemstal og kapital.

AVA skal:

- eiga, byggja og driva vatn- og avløpsanlegg i Austevoll kommune.

AVA kan:

- driva, eiga, eller samarbeida med andre verksemdar med naturleg tilknytning til føremålet eller som gjer ei betre utnytting av laget sine ressursar.

Verksemda skal være bygd på prinsipp om at inntekta ikkje skal overstige nødvendige kostnader ved verksemda over tid, samt være bevisst det samfunnsansvar som er lagt til verksemda.

§ 3 MEDLEMMER

Fysiske og juridiske personer som er tilkople AVA sine anlegg skal være medlem i AVA.

Kvar medlem har ei røyst på årsmøtet.

Medlemmer skal førast inn i medlemsregisteret på:

- i) namn/føretaksnamn,
- ii) fødselsdato/organisasjonsnummer, og
- iii) adresse.

1. Andelsinnskot vert betalt ved tilknytning som abonnent. AVA leverer kun vatn- og avløpsanlegg til eigedom som medlemskapet er knytt til.

Medlemskapet er knytt til den faste eigedomen. Som fast eigedom reknast bustadeigedom, gardsbruk, fritidsbustad og industrieigedom, leilighet i seksjonert sameige, samt leigerett til leilighet i burettslag.

2. Medlemskap følgjer eigar av den tilknytta eigedomen. Overdraging av eigedomen må meldast til AVA, som registrerer nytt medlem i medlemsregisteret straks det er på det reine at nytt medlem tilfredstiller medlemsvilkåra i dette punktet. Overdraging av medlemskap reknast frå dette tidspunktet, og tidligare medlemsrettar og plikter overfor AVA vert overtatt frå den dagen av det nye medlemmet.

§ 4 ANDELSINNSKOT (MEDLEMSKAPITAL)

Kvart medlemskap kostar NOK 1.000,00 - eittusen - pr. 01.01.2009.

§ 5 INNLØYSING OG UTMELDING

1. Innløysing

Medlemmer som ikkje stettar vilkåra i § 3 må løyse inn sitt medlemskap mot verdsett medlemskapital etter § 4. Dette punktet kjem ikkje til anvending ved overdragingar som omtala i § 3.

2. Utmelding

Utmelding kan berre skje skriftleg og ved fråkopling frå AVA sine anlegg.

Medlemmer som melder seg ut skal få tilbakebetalt andelsinnskotet etter § 4.

§ 6 UTDELING MV.

AVA skal ikkje på nokon måte dele ut kjøpsutbyte, etterbetaling eller forrenting av medlemskapitalen eller andre former for utbyte til medlemmene.

§ 7 ÅRSMØTE

1. Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan årets første 6 månader.
2. Ordinært årsmøte skal sjå til at føremålet med laget vert fremja i samsvar med vedtekter og vedtak.
3. Det skal førast protokoll frå årsmøta. På kvart møte vert 2 (to) av dei frammøtte valde til å skriva under protokollen saman med møteleiaren.

4. Underlags dokument for handsaming av sakene på årsmøte jf. samvirkelova § 41(2) skal gjerast tilgjengelege elektronisk på AVA si nettside og fysisk på administrasjonsbygget, jamfør § 41(3). Det skal opplysast i innkallinga kvar, og korleis medlemmar får tilgang til dokumenta.

5. Årsmøtet har desse gjeremåla:

- a) Godkjenne årsrekneskap og årsmelding, herunder disponering av årsoverskot.
- b) Velja styreleiar, styremedlemmer og varamedlemmer til styret, velja medlemmer til valnemnda og fastsetje godtgjersle til styret etter framlegg frå valnemnda samt fastsetje godtgjersle til valnemnda etter framlegg frå styret.

Dersom ingen får alminneleg fleirtal ved første valomgang vert det omval mellom dei to som har flest røyster. Dersom det vert likt antall røyster ved omval, vert valet avgjort ved loddtrekking.

Personval skal vera skriftleg dersom det føreligg framlegg på fleire kandidatar eller det vert kravd av eit medlem.

- c) Tilsetje og fastsetje godtgjersla for revisor.
- d) Gjera vedtak i andre saker som styret og medlemmer legg fram for årsmøte. Framlegg frå andre enn styret må koma inn til styret før 1. mars for å verta handsama på det ordinære årsmøtet.
- e) Årsmøtet avgjer sakene med alminneleg fleirtal av dei avgjevne røystene når ikkje anna er sagt i lov eller vedtekter. Ved likt stemmetal gjeld det som møteleiaren sluttar seg til (gjeld ikkje ved val og tilsettingar).

§ 8 STYRET

AVA skal ha eit styre på 5 (fem) medlemmer og 3 (tre) varamedlemmer med funksjonstid på 2 (to) år. Funksjonstida kan setjast kortare. Årsmøtet vel 4 (fire) styremedlemmer og 2 (to) varamedlemmer i rekke. Dei tilsette i Austevoll Kraftlag SA-konsernet vel 1 (eit) medlem med 1 (eit) personleg varamedlem. Med «konsern» siktast til konserndefinisjonen i samvirkelova § 5. Styret skal oppfylle krav til kjønnsamansetjing i samvirkelova.

Årsmøtet vel leiar for 1 år blant dei styremedlemmene som er valde av medlemmene.

Dagleg leiar og styreleiar saman eller 2 (to) styremedlemmer saman bind laget med underskriftene sine.

§ 9 VALNEMND

AVA skal ha ei valnemnd på 3 (tre) medlemmer valt av årsmøtet etter framlegg frå styret, og med ei funksjonstid på 3 (tre) år. Valnemnda konstituerer seg sjølv. Valnemnda skal koma med framlegg til styremedlemmer og varamedlemmer. Valnemnda skal i sitt framlegg legge vekt på å oppnå ei naturleg aldersfordeling og kjønssamansetjing i samsvar med samvirkelova. Valnemnda skal også komme med framlegg til styrehonorar. Valnemnda sitt framlegg skal følgje innkallinga til årsmøtet.

§ 10 VEDTEKSENDRING

Årsmøtet kan vedta endringar i vedtektene med 2/3 av dei røystene som vert gitt. Endringar i føremålet krev at endringane vert vedteken på to etterfølgjande årsmøte med minst 4/5 av dei avgitte røystene.

§ 11 OPPLØYSING

Vedtak om å løyse opp AVA blir gjort av årsmøtet med fleirtal som for endring i føremålet.

Ved oppløysning av selskapet har medlemmene ikkje krav på utdeling. Gjenverande midlar skal gå til føremål i samsvar med § 2 eller allmennyttige føremål i Austevoll kommune.